

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 144, FA - C20	16/844

Saknr	Utval	Type	Dato
039/2017	Formannskapet	PS	19.04.2017

## Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - framlegg til høyring

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet - framlegg til formannskapet

#### Dato

06.04.2017

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 og §§ 11-14 vert kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet send på høyring. Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjering.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn/ Fakta

Formannskapet gjorde i møte 8.11.2016, sak 107/2016, vedtak om å starta opp arbeidet med ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for perioden 2017 - 2024.

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med tre medlemmer frå administrasjonen og ein frå Masfjorden idrettsråd. Arbeidsgruppa starta arbeidet 6. januar og har hatt tre møte. Framlegget til ny plan vart gjort ferdig i møte 27. mars. Føremålet med planarbeidet har vore å klargjera dagens status, sjå på kva utfordringar kommunen står over for, og seia noko om kva strategiar, mål og tiltak kommunen bør velja for komande år. Planen har ein tidshorisont på 8 år og i tillegg ein handlingsplan som er ei prioritert liste over anlegg for dei nærmaste åra. Denne handlingsplanen skal rullerast årleg.

Samstundes er det viktig at dette skal vera meir enn ein anleggsplan. Planen seier difor noko om kva utfordringar me ser i høve til fysisk aktivitet og korleis ein tenkjer seg at nokre av desse utfordringane kan løysast.

I den vedtekne framdriftsplanen er det sagt at det skal haldast folkemøte om planen før han vert lagt ut til offentleg ettersyn. Rådmannen meiner det kan vera greitt at folkemøte vert halde i den perioden planen er på høyring. Ein reknar med at det er nok med eitt folkemøte.

## **Høyring**

Framlegget til kommunedelplan skal så snart formannskapet godkjenner det, ut til offentleg ettersyn.

## **Vurdering/ Konklusjon**

Rådmannen meiner at framlegget til ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet kan sendast ut på høyring. Då kan endeleg plan vedtakast av kommunestyret i juni.

## **Formannskapet - 039/2017**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Oppvektsleiar Alf Strand møtte til denne saka. Strand gjorde merksam på skrivefeil på side 2 og sa at dette vart retta før kommunedelplanen vart sendt på høyring.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

I medhald av Plan- og bygningslova §4-1 og §§ 11-14 vert kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet send på høyring. Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjering.